

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 19.10.2018
SAKSHANDSAMAR: Odd Andrew Storetvedt/Kristin Blehr Patterson
SAKA GJELD: **Miljøstyringssystemet i føretaket**

STYRESAK: **107/18 O**

STYREMØTE: **31.10.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering og ber administrasjonen sikre vidare forbetring av miljøprestasjonane i sjukehuset.

Oppsummering

Sjukehuset har gjennomført fleire gode miljøtiltak og har implementert miljøstyringssystemet. I løpet av 2018 blei Haukeland Universitetssjukehus sertifisert etter den reviderte miljøstandard ISO 14001:2015. Den reviderte standarden krev betre integrering av ytre miljø i kjerneverksemda og legg vekt på systematisk kvalitetsarbeid som del av mogleg miljøforbetring. Det betyr at vi må sjå *forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helsetjenesten, internkontrollforskriften og miljøstandard* i samanheng. Det blir arbeidd med å integrere dei ulike fagområda, for eksempel ved leiinga sin gjennomgang, internrevisjonar og ForBedringsundersøkelsen.

Fakta

I 2011 gav Helse- og omsorgsdepartementet alle helseføretak i oppdrag å etablere miljøstyring og miljøsertifisering etter ISO 14001-standard. Etableringa av eit miljøstyringssystem skal bidra til kontinuerleg forbetring av miljøprestasjonen i sjukehuset og sikre god praksis med ein «føre var-politikk».

Standarden set ikkje konkrete krav om miljøprestasjon utanom oppfyljing av lover og forskrifter. Miljøsmål og handlingsplanar må sjukehuset sjølv formulere. Det blir gjennomført årleg gjennomgang av miljøstyringssystemet for å sikre at systemet er tilstrekkeleg og verknadsfullt.

Kommentarar

Sjukehuset sin miljøpolitikk og miljømål

Ein viktig del av miljøstyringssystemet er å identifisere dei sidene av sjukehusdrifta som i vesentleg grad påverkar naturen. Denne kartlegginga er grunnlaget for utforminga av miljøpolitikken, miljømåla og handlingsplanane for sjukehuset.

Miljøpolitikk

Miljøleiing er ein integrert del av HMS, kvalitets- og pasientsikkerheitsarbeidet. Vi skal kontinuerleg arbeide for miljø- og klimaforbetringar av sjukehusdrifta, ved å:

- arbeide aktivt innanfor dei områda som gir størst miljøgevinst
- informere og mobilisere medarbeidarar og samarbeidspartnarar til miljøansvarleg framferd
- setje strengare miljøkrav enn styresmaktene sine minstekrav der det er teknisk og økonomisk mogleg
- ta i bruk tekniske og organisatoriske løysingar som er positive for ytre miljø
- setje miljømål og lage handlingsprogram som støttar opp om organisasjonen sin miljøpolitikk

Sjukehuset har fire overordna miljømål:

1. Ha miljøbevisste medarbeidarar
2. Redusere utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn
3. Redusere miljøpåverknad frå innkjøp
4. Redusere forbruket av naturressursar





Miljømåla har tilhøyrande miljøindikatorar som gjer at vi kan overvake utviklinga av sjukehuset sin miljøprestasjon.

Miljøhandlingsplan og forbetningsplanar


Haukeland universitetssjukehus har ein miljøhandlingsplan som set fokus på dei store aktivitetane som påverkar heile sjukehuset sin miljøprestasjon.

Status for tiltak i miljøhandlingsplanen

Miljømål: Redusere klima- og miljøpåverknad frå innkjøp

Delmål	Tiltak	Status tiltak	Kommentarar på status
Alle Helse Bergen sine innkjøp skal ha miljøkrav i anbodet (skal-krav eller som tildelingskriterier i evalueringa) innan 2019	1. Stille krav til Sjukehusinnkjøp om at dei innrettar verksemda si på ein slik måte at dei leverer i samsvar med våre delmål og gjennomfører innkjøpsprosjekt på ein måte som fremmar miljøforbetningar.		Ytre miljø skal vere fast punkt på taktisk innkjøpsforum. Taktisk innkjøpsforum er samarbeidsmøte mellom Sjukehusinnkjøp og Helse Bergen. I møta må det arbeidast vidare med systematikk og metodikk for å ivareta ytre miljø i innkjøpsprosessane. I Innkjøpsplanen for 2018 er det sett opp prioriterte innkjøp for samfunnsansvar (inkludert ytre miljø). For dei prioriterte innkjøpa skal det spesielt leggast vekt på det ytre miljø med bakgrunn i vurderingar i marknaden og miljøbelastninga av innkjøpet. Status for innkjøpsplanen må etterspørjast, og oppdaterast med 2019-anskaffelsar.
	2. I 2018 skal 5 lokale og 10 regionale innkjøp utgreiast spesielt med tanke på å finne gode miljøkrav.		I Innkjøpsplanen for 2018 er det 8 anbod som skal vektleggast på ytre miljø. Dette er færre enn sett opp under tiltak. Innkjøpskoordinator og taktisk innkjøpsforum styrkjer arbeidet med oppfølginga mot Sjukehusinnkjøp for å sikre kvaliteten og vektlegginga av miljøkrav i innkjøp.
Vurdere risiko og moglegheiter for ytre miljø i 2 prosjekt	1. Vurdere moglegheiter for miljøgevinstar i prosjektet Sentralisert dekontaminering og sterilforsyning ved HUS. Fokus på energiforbruk, logistikk og eingongsprodukt kontra fleirgongsprodukt		For byggeprosessen er det eigen miljøoppfølgingsplan som blant anna inkluderer energi og materialval. Prosjektdirektivet har inkludert vurderingar på moglege miljøgevinstar. Dette skal gjerast på eit overordna nivå og sjåast opp mot drift og økonomi.
	2. Vurdere moglegheiter for miljøgevinstar i programmet Libra. Fokus på tilgang til helse- og miljøinformasjon for tingarane.		LIBRA Lager- og forsyningsplan har tatt inn fleire miljøomsyn og har fokus på tilgang til helse- og miljøinformasjon for tingarane.


Miljømål: Redusere utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn

Delmål	Tiltak	Status tiltak	Kommentarar på status
15 prosent av medarbeidarane våre skal sykle til jobb innan 2020	Gjennomføre tiltak som bidrar til målet: Eigne sportsgarderobar med tørkemoglegheiter og prioritere tilrettelegging for syklende		Etablering av sportsgarderobar vil vere ein del av overgangen til ny teknologi i Gul Garderobe i Sentralblokka. Anbod på arbeidet vil bli sendt ut i slutten av 2018 ev. forskyvd til 2019.

Auke tilgjengelegheita og brukarstøtta for elektroniske møte (lync/skype/video-konferansar)	1. Utarbeide data som viser utviklinga på bruken av elektroniske møter		Det er mogleg å få statistikk for heile regionen men ikkje for kvart enkelt føretak. Det er sendt ein felles førespurnad frå det regionale miljønettverket til Helse Vest IKT om det er mogleg å få arbeid fram statistikk for kvart enkelt føretak.
	2. Utarbeide eigen handlingsplan med fokus på brukarstøtte og informasjon		Handlingsplanen nærmar seg ferdigstilling. Det manglar nokre avklaringar opp mot HVIKT.
Bilparken* skal ha fossilfrie bilar som førsteval	Inkludere målet om fossilfrie bilar som førsteval i mandatet og i rutinar for forvaltning av bilparken. Unntak skal godkjennast av avtaleforvaltar.		Det blir arbeid vidare med å forbetre dokumentasjonen på miljø- og økonomiaspektet ved bilparken. Denne dokumentasjonen bidrar til gode miljøval og synleggjering av miljøresultat. El-bilen på Sandviken har fått utvida brukstid og kan no òg brukast i helgane.

* eksklusiv ambulanserparken




Miljømål: Redusere utslipp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn

Delmål	Tiltak	Status tiltak	Kommentarar på status
30 prosent reduksjon i forbruket av breispektra antibiotika på Haukeland universitetssjukehus innan utgangen av 2020 samanlikna med 2012	Eigen handlingsplan		Frå 2012 til 2. tertial 2018 er forbruket av breispektra antibiotika i sjukehuset redusert med ca. 11% prosent. Det er ein liten auke frå 2017 til 2. tertial 2018. Bakgrunnen for denne auken skal bli gjennomgått meir inngående. Moglege forklaringar: - hard influensaseson - organisatoriske endringar f.eks. auka aktivitet i mottaksklinikken/reduksjon i tal liggjedøgn osv.




Miljømål: Redusere utslipp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn

Delmål	Tiltak	Status tiltak	Kommentarar på status
Innføre 15 prosent økologisk mat innan 2020	Greie ut om det er mogleg å auke andelen økologisk mat frå 10 til 15 prosent		I dag har sjukehuset ca. 10 prosent økologisk mat. Det vert vurdert å innføre økologisk havregryn og kaffi i Cafe3 i løpet av hausten 2018.
Redusere matsvinnet med 5 prosent innan 2018 samanlikna med 2017	- Kartleggje kva matfraksjonar som hamnar i matavfallet - Aktiv dialog med einingane for å redusere matsvinnet		Det er gjennomført kartlegging av kva matfraksjonar som hamnar i matavfallet Det er også manglande kompetanse på bestilling og matservering.


Miljømål: Redusere forbruket av naturressursar

Delmål	Tiltak	Status tiltak	Kommentarar av status
Redusere energiforbruket med 10 prosent innan 2020 samanlikna med 2013	1. Handlingsplan for Energileiing		Det er utarbeidd ein handlingsplan for energileiing. Sjukehuset sitt arbeid med energileiing og ulike energitiltak har til no gitt innsparingar på rundt 3,5 mill. kr. sidan oppstart i 2013. Det blir arbeid med eksisterande bygningsmasse og nybygg.
	2. Miljøoppfølgingsplan (MOP) for nybygg		Det er miljøoppfølgingsplan for alle dei store byggeprosjekta (Marie Joys Hus, BUS I og II). Miljøoppfølgingsplanane blir oppdaterte og tilpassa dei ulike byggeprosjekta. Miljøoppfølgingsplanen frå ferdige byggeprosjekt kan i større grad brukast til læring i nye prosjekt.
	1. Utarbeide miljø- og energisjekkliste for ombyggingar		Miljø- og energisjekkliste for ombyggingar skal brukast i mindre ombyggingar for å sikre myndighetskrav og kontinuerleg forbetring.

Miljømål: Redusere forbruket av naturressursar

Delmål	Tiltak	Status tiltak	Kommentarar på status
Utarbeide årleg miljø- og klimadata for sjukehuset	Utarbeide og forbetre kvaliteten på miljødata slik at sjukehusdrifta kan styrast i miljøvennleg retning og vise om tiltak har ønska effekt		Controllar er involvert i forbetringar knytt til energistatistikken. Controllar og andre fagpersonar kan i større grad involverast i utviklinga av miljødata, og då spesielt knytt til nye prosjekt for å sikre gode miljøval
	Klimagassregnskap for direkte - og indirekte utslipp blir utarbeidd kvart anna år		Klimaregnskapet er ferdigstilt for 2017
Implementere ytre miljø i utviklingsplanen	Mål og tiltak for klima og miljø blir sett i samanheng med dei andre måla i planen		Klima og miljø er inkludert i planen og det er arrangert workshop for å sikre ein breidde i planen









Miljømål: Miljøbevisste medarbeidarar


Delmål	Tiltak	Status tiltak	Kommentarar på status
Revidere opplæringsplanen for ytre miljø ut frå ny miljøstandard	Vurdere endringar i leiarmodulen for å sikre at leiingar legg større vekt på ansvaret for å promotere miljøstyringa i sjukehuset		Inkludert i teamet systematisk HMS-arbeid

I tillegg til den overordna miljøhandlingsplanen skal einingane setje eigne miljømål og tiltak i sine lokale forbetningsplanar. På denne måten får vi fanga opp lokale miljøutfordringar samstundes som vi tek tak i dei store aktivitetane som set rammene for sjukehuset sin miljøprestasjon.

Miljøprestasjon

Tabellen under viser dei fire overordna miljømåla med tilhøyrande miljøindikatorar.

Mål	Indikator	Utvikling
Ha miljøbevisste medarbeidarar	Talet medarbeidarar som har bestått e- læringskurset <i>ytre miljø</i>	
Redusere utslipp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn.	Del restavfall (%) av total avfallsmengde	
	Talet på flyreiser	
	Gjenvinningsfraksjonar Kg plast (mjukplast, hardplast, isopor), Kg papir (aviser, tidsskrift, papir, papp), Kg glas og metall	
	Utslipp CO ₂ - ekvivalentar (tonn)	
Redusere miljøpåverknadane frå innkjøp	Talet på anbod med miljøkrav av totale anbod	
Redusere forbruket av naturressursar	kWh/ m ²	
	Forbruk av vatn (m ³)	

 Utviklinga blir vurdert som positiv

 Utviklinga blir vurdert som positiv, men bidrar ikkje tilstrekkeleg. Trenden er ikkje eintydig.

 Utviklinga blir vurdert som negativ

Revisjonar og uønskte hendingar

Ytre miljø er ein del av revisjonsplanen til sjukehuset. Årleg blir det gjennomført rundt 8 interne systemrevisjonar på dei ulike nivå 2-einingane. Einingane med størst negativ miljøpåverknad blir prioritert ved oppsett av revisjonsplan, og i løpet av ein fireårsperiode skal kvar nivå 2-eining reviderast.

Funna frå interne systemrevisjonar viser at vi framleis kan bli betre til å bruke forbetningsplanane aktivt for å sikre måloppnåing og kontinuerleg forbetring på HMS-området. Vi er blitt noko betre på å melde uønskte hendingar, men vi må bli betre på saksbehandling, læring av avvik og å følge opp funn frå eksterne og interne systemrevisjonar.

Ekstern miljørevisjon framhevar at sjukehuset har eit godt miljøfokus og har mange planar, mål og tiltak. Dei gode planane, måla og tiltaka blir likevel ikkje fullførte med tydelege vurderingar av resultatata som blir oppnådd. Vidare peikar revisjonen mot forbetringar omkring tettare oppfølging og kopling mellom ytre miljø og kjerneaktivitetane.

Framover

Den reviderte miljøstandard krev betre integrering av ytre miljø i kjerneverksemda og legg vekt på systematisk kvalitetsarbeid som del av mogleg miljøforbetring. Miljøstandard, *internkontrollforskrifta* og *forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helsetjenesten* har same grunnprinsipp når det gjeld arbeidsmetode, men innan ulike fagområde som i vår verksemd går over i kvarandre i kvardagen. Denne glidinga mellom fagområde gir sjukehuset utfordringar og moglegheiter, blant anna knytt til kommunikasjon, prosedyrar og verktøy.

I dag er ikkje styringssystemet i sjukehuset fullt ut samordna og koordinert. Ved å i større grad samordne prosedyrar, metodikk og verktøy på eit overordna nivå, vil det lette det systematiske kvalitetsarbeidet for sjukehuset. Det er derfor ønskeleg at miljøstyringssystemet og gjennomføring av eksterne miljørevisjonar i større grad drar vekslar på fleire fagmiljø i Personal- og organisasjonsavdelinga og Forskings- og utviklingsavdelinga.

Konklusjon

Sjukehuset har gjennomført fleire miljøtiltak og har implementert miljøstyringssystemet. Sjukehuset skal arbeide for eit felles styringssystem som dekkjer krav i miljøstandard, *internkontrollforskriften* og *forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helsetjenesten*.

Vedlagt følgjer Miljørapporten for 2017 for meir informasjon,
[Miljørapport](#)